



Leiarmøte NKØG Kvål 18. juni 2022 kl. 17.00-18.15

Til stades:	Budal songlag, Damekoret Uredd, Hauka Dekorum, Hauka Mannskor, Hovinkoret, Kvål Songlag, Meldal Songlag, Rennebu mannskor, Rognes Songlag, Sangkoret Lundarljom, Sangkoret Samhald, Singsås damekor
Gjestekor:	Korista, Oppdal songlag
Frå styret i NKØG:	Laila Dalborgskogen, Stein Flatås, Solveig Langvik, Lars Nesheim
Ikkje til stades:	Børsonkoret, Haltdalen Mannskor, Kvikne songlag

Lars ynskte velkommen, oppfordra til å ta opp det kora var opptatt av. Det vart servert vin og snacks. Alle deltakarane presenterte seg sjølve.

Landsmøte

Det har nettopp vore Landsmøte i Norges Korforbund. Lars orienterte kort. Saka om regionreform og eventuell nedlegging av distriktledd vart utsett, og det kjem tidlegast opp i 2024. Det betyr at NKØG vil bestå, enn så lenge! Det vart vedtatt endringar i vedtekter og i instruks for valkomiteen til DL, kjem tilbake til det på neste leiarmøte. Trond Håskjold, Surnadal vart attvald som leiar.

Frivilligheitas År – lokale arrangement?

Norges Korforbund skal markere Frivillighetens år den 23. september, skal NKØG lage til arrangement på den dagen? NKØG kan oppfordre kora til å markere seg i sin eiga bygd, for eksempel 'song i bygda'. NKØG kan lage pressemelding som omtalar aktuelle arrangement. Meldinga kan sendast til Trønderbladet, Gaula, Gauldalsposten, Opp, Avis Sør-Trøndelag og Nea Radio. Rennebu mannskor kan bruke 'sin kontakt' til å få innpass i NRK Trøndelag. Men dette krev at kora må forplikte seg til å gjennomføre det me planlegg, og at kora vert einige om kvar arrangementa skal vere. Lars sender e-post om dette i slutten av august.

Leiarsamling i november

Me skal ha leiarsamling i november. Hauka Dekorum tok på seg ansvaret, aktuell stad er Soknedal. Forslag på datoar: søndag 13. og 20. november. Me satsar på å avklare tid og stad i første halvdel av september. Lars foreslo at me bør invitere president Trond Håskjold. Også vurdere om me skal invitere presidenten og musikksjef Tove Ramlo til stemnet.

Diverse saker:

- ✓ Nokon meinte at endeleg påmeldingsfrist for stemnet var for tidleg! Må vurdere om fristane skal inn i Retningslinjene for stemnearrangørar.
- ✓ Prisane på lyd og lys har truleg auka. Det kom opp forslag om at NKØG bør forhandle med aktuelle leverandørar, på vegne av stemnearrangør.